

Årsrapport for Opera Nordfjord for 2024

Føremål:

Stiftinga Opera Nordfjord (ON) har som føremål å skape eit levande og inkluderande operamiljø i Nordfjord og omliggjande distrikt ved mellom anna å produsere operaer, operetter, ballett og musikalar av høg kvalitet. Opera Nordfjord har kontoradresse Nordfjordeid. Styret har i 2023 drive ON i samsvar med føresegner for private stiftingar. Styret hadde sju styremøte og handsama 67 saker i 2024. Årsmøtet vart halde 25. april.

Innleiing

Etter eit spennande og aktivt jubileumsår med fleire store produksjonar i 2023, var vi nøydd til å stramme inn aktivitetsnivået i 2024 for å snu den økonomiske situasjonen som hadde ført til store underskot både i 2022 og 2023. Målet var å gjennomføre to store produksjonar med høg kunstnarisk kvalitet vår og haust og samstundes ha full kontroll på budsjett og pengebruk. Det er kjekt å kunne slå fast at oppskrifta lukkast og at vi kunne gå ut av 2024 og inn i 2025 med pengar på bok.

Festkonserturné 14.-16. mars

I dagane 14.-16. mars arrangerte vi ein stor festkonserturné med tre konsertar: ein konsert i Førdehuset og to konsertar i Operahuset Nordfjord. Eit stort festkor var samansett av 61 songarar frå heile Nordfjord, og i tillegg deltok 5 solistar. Repertoaret var samansett av dirigent og musikalsk leiar Michael Pavelich, som på denne turnéen både feira 26 år med Opera Nordfjord og takka for seg og pensjonerte seg på sin eigen 70-årsdag. Sjeldan har vi hatt eit meir begeistra publikum på vårturnéen vår – det var rekord med 1464 publikummarar på tre konsertar.

Musikkteaterskule

Satsinga på born og unge har funne ei fin form gjennom musikkteaterskulen, som vi ønskjer å satse vidare på. I 2024 arrangerte vi musikkteaterskule både fire dagar i vinterferien og seks dagar i sommarferien. På begge kursa hadde vi med 6-7 instruktørar og 50-55 deltakarar. I tillegg er det no sett i gong eit spennande, nasjonalt samarbeid med andre distriktsoperaer med liknande tilbod for born og unge. I dagane 16. -18. august var det samling i Bjørvika for alle operaene i OperaNorge-nettverket som har faste aktivitetar eller operaskular tilrettelagt for born og unge. Unge songarar frå Opera Trøndelag, Operaen i Kristiansund, Ringsakeroperaen, Den Norske Opera & Ballett og Opera Nordfjord var samla til inspirasjonshelg saman med sine respektive instruktørar og utval av elevar, både for å bli kjende med kvarandre og for å øve inn musikal- og operarepertoar saman. Samlinga endte med ei uformell avslutningsforestilling på Scene 2. Dei fem aktørane skal halde fram i eit eige nettverk og satsar på meir kontakt i åra som kjem.

Det er eit viktig prinsipp at skulen vår skal vere gratis for alle, og at det er eit lågterskeltilbod utan audition. Vi ønskjer særleg å nå ut til born og unge som normalt

ikkje er med i kulturelle tilbod gjennom året, og som ikkje har råd til å delta i dei kommunale kulturskulane i Nordfjord.

Figaros Bryllup.

22 år etter vår første oppsetting av *Figaros Bryllup* var det igjen tid for premiere på den populære klassikaren. Det kunstnariske teamet besto av regissør Ronald Rørvik, scenograf Plamana Dicheva, kostymedesignar Anne Gotaas, lysdesignar Ovar Holmen, regiassistent og koreograf Toni Herlofson og maskør Hege Ramstad. Solistlaget besto av følgjande solistar: Sakarias Tranvåg, Lydia Hoen Tjore, Espen Langvik, Vibeke Kristensen, Maia Reppe, Siv Hagerupsen, Trond Gudevold, Jan Erik Fillan, Eivind Kandal, Gunnar Andor Nieland og Louise Engeseth. Vi hadde til saman 3157 publikummarar på 8 forestillingar og full generalprøve.

Konsert til inntekt for TV-Aksjonen

Kvart år samlar vi solistar og musikarar frå hovudproduksjonen til ein konsert i Eid Kyrkje til inntekt for TV-Aksjonen. Alle medverkande stiller opp gratis, vi får leige kyrkja vederlagsfritt og har elles ingen utgifter, slik at alle gåvene som kjem inn, går uavkorta til TV-Aksjonen. Vi fekk inn **kr 18 970** frå **150 publikummarar** til *Barnekreftforeningen i* 2024.

I romjula arrangerte vi igjen, på 2. året, ein støttekonsert til inntekt for *Leger uten grenser*, denne gongen for deira arbeid i Ukraina. Vi fekk inn **kr 28 883** frå **150 publikummarar**.

Samarbeid med Eid vidaregåande skule

Sidan 2005 har vi hatt eit fast og forpliktande samarbeid med yrkesfagklassene ved Eid vidaregåande skule. Dette samarbeidet har auka og blitt meir omfattande med åra og vert definert utifrå kva slags scenografi som skal produserast

Arbeidsressursen frå skulen si side, både frå lærarar og elevar, er av stor verdi for Opera Nordfjord. Til gjengjeld får skulen samarbeide tett med dyktige, profesjonelle og ettertrakta scenografar, kostymedesignarar og maskørar, som i månadane frå skulestart til operapremiere i starten av oktober utgjer ganske mange arbeidstimar i veka. I 2024 var vi ekstra tidleg ute med planlegginga og fekk nytte både elev- og lærarressursar også våren-2024. Både lærarar og elevar lærer seg nye teknikkar frå år til år, noko som gir skulen auka kompetanse i lærarkollegiet på yrkesfag.

Skulen har ein omfattande og imponerende maskinpark, som vi får bruke etter behov. Kulissearbeidet vert fordelt mellom skulen og våre frivillige, lokale snikkarar i dugnadsgruppa gjennom felles produksjonsmøte med scenograf.

Utlån til skular og organisasjonar

Opera Nordfjord stiller kostyme, kulissar, rekvisittar og parykkar til fri disposisjon eller til veldig låg leige for fleire skular i området, som er innom våre lager og verkstader i løpet av året og låner/leiger det dei treng til sine respektive sceneproduksjonar

Vi er glade for at dei statlege, fylkeskommunale og kommunale tilskota, som har vore nytta til å opparbeide Opera Nordfjord sitt innhaldsrike lager, direkte bidreg til at andre kan løfte sine forestillingar visuelt og kunstnarisk.

Dei tilsette

ON har 2,45 årsverk fordelt på tre kvinner i til saman 1,95 stillingar (operasjef i 100%, produsent i 70% og verkstadansvarleg i 25%) og ein mann i 0,5 stilling (kunstnarisk leiar). Kunstnarisk og musikalsk leiar Michael Pavelich gjekk av med pensjon i mars 2025, og det er førebels ikkje tilsett ny kunstnarisk leiar. Pavelich held fram som kunstnarisk rådgjevar inntil vidare. Stiftinga kjøper tenester til marknadsføring, oppdatering av nettsider og sosiale medium gjennom Veir Media, Polaris Media og Mynewsdesk. Vi har òg eit tett marknadsføringssamarbeid med Operahuset Nordfjord.

Dugnadsapparatet

Noko av det aller viktigaste for Opera Nordfjord er å ha eit velfungerande dugnadsapparat som er motivert og inspirert til å delta i ein ny produksjon kvart år. Rekruttering av nye frivillige er ei pågåande, prioritert oppgåve, med eit mål om å få med fleire, også dei med framandspråkleg bakgrunn. Dugnadsarbeid er svært viktig for språklæring, og vi vonar at vi får med fleire nye, gode hjelparar gjennom samarbeid med Eid Frivilligsentral og Vaksenopplæringa i åra som kjem.

Vi hadde med 164 frivillige under *Figaros Bryllup* fordelt på dugnadsarbeid innan kostymesaum, kulisseproduksjon, maske, lys, vertskap, servering, parkering, transport og operakor.

Operaens Venner

Sidan oppstarten i 1998 har Operaens Venner vore sentral i Opera Nordfjord sitt virke. Gjennom stort engasjement med loddsal, innkjøp av utstyr og anna frivillig arbeid har deira aktivitetar vore ein stor ressurs og tidvis også ei inntektskjelde for Opera Nordfjord. Leiaren i Operaens Venner er fast medlem i styret i Opera Nordfjord. Operaen Venner har eit samla ansvar for alt publikumsretta arbeid under forestillingane, inklusive vertskap i foajéen og drift av kafé/bar, der dei gjer ein stor og uvurderleg innsats. Kafédrifta åleine under operavekene genererer ca. kr 250.000 pr. år i inntekter.

Opera Norge

Opera Nordfjord er medlem i OperaNorge, ein interesseorganisasjon for ALLE som driv med operaproduksjon i Noreg. Dette nettverket er av stor betydning for alle medlemmane og er ein viktig arena for meningsutveksling, rådføring og støtte i det viktige arbeidet med å gjere operakunsten tilgjengeleg for folk flest i landet vårt. OperaNorge har to medlemsmøte i året, og styret er ein aktiv påverkar inn mot det politiske miljøet for å få auka merksemd og auka økonomisk støtte til heile operafeltet i Noreg.

Mangfald og inkludering

I 2023 vart Opera Nordfjord sertifisert til Balansekunst sitt **Balansemerket**. Det forpliktar oss som organisasjon til å motarbeide hersketeknikkar, seksuell og anna trakassering og arbeide FOR inkludering og mangfald. Opera Nordfjord ønskjer å vere ein inkluderande arbeidsplass og oppdragsgjevar for alle, uavhengig av kor i organisasjonen ein høyrer heime.

Vi er opptekne av at born og unge frå all slags bakgrunn skal finne ein trygg plass i Opera Nordfjord gjennom tilbodet om gratis Musikkteaterskule for alle, som etter kvart vert tilbydd både om sommaren og i vinterferien, for å skape ei meir kontinuierleg og konsentrert drift over fleire dagar fleire gongar i året. Skulen skal vere ein arena der alle kjenner seg inkludert, og der ein får nye venner på tvers av alderstrinn og kommunegrenser.

Arbeidet med språkpraksis for flyktningar held fram, først og fremst i kulisseyarbeid og kostyme- og påkledararbeid, men er eit tilgjengeleg tilbod for alle i alle typar arbeid i organisasjonen. I 2024 hadde vi eit fint samarbeid med Friomsorgkontoret i Sogn og Fjordane om utplassering/soning av samfunnsstraff når dei har behov for det.

Sponsorsamarbeid

Opera Nordfjord har sidan oppstarten i 1998 hatt gode og trufaste samarbeidsavtalar i forskjellig storleik med lokale og regionale verksemdar. Sponsormarknaden i Nordfjord er avgrensa for kulturaktørar i regionen vår, med få tunge bidragsytarar. **Sparebanken Vest er vår hovudsponsor** og har bidrege sterkt gjennom 25 år, enten som hovudsponsor, eller gjennom tildeling av gåvemidlar. 2024 var eit magert år for oss med sponsormidlar totalt sett, så for 2025 er vi aktivt i gong med å utvide sponsormarknaden. Målet er å skaffe minst ein ekstra hovudsponsor og fleire sponsorar på dei mindre sponsorpakkane.

Operahuset Nordfjord

Operahuset Nordfjord er vår faste arena og vår «heim» når vi er i produksjon. Vi har eit særst godt samarbeid med administrasjonen i Operahuset Nordfjord, med god praktisk tilrettelegging og oppfølging når vi flyttar inn i huset. Dei tilbyr god service i alle ledd og har ein aktiv og utadretta kommunikasjon med billett kjøparane våre i forkant av forestillingane.

Økonomi

Rekneskapen for 2024 vart gjort opp med eit overskot på **kr 1 159 251,50**. Endeleg er vi på plussida og i gang med å bygge opp igjen eigenkapitalen etter to tunge år i 2022 og 2023. I 2024 hadde vi eit ekstra fokus på å stramme inn der vi kunne i budsjetteringa og var ekstra strenge på å seie nei til alle utgifter som ikkje absolutt var nødvendige. Vi avsto frå å arrangere ein familieproduksjon i 2024 for å sikre eit nødvendig overskot. Vi drog med oss eit underskot på nesten kr 500.000 frå 2023 som måtte dekkast inn med midlar i 2024, dvs. at for å gå i balanse, måtte vi ha eit overskot på ein halv million.

I 2024 fekk Opera Nordfjord kr **5 725 000** i ordinær statleg støtte og **kr 210 000** i mangfaldsmidlar frå staten, **kr 1 840 179** frå **Vestland fylke** og **kr 613 64** frå **Stad Kommune**. Vi fekk **kr 200 000** i gåvemidlar frå Sparebanken Vest til *Figaros Bryllup* og nytt tilskot på **kr 300 000** frå Gjensidigestiftelsen på slutten av året øymerka gratis musikkteaterskule for born og unge som skal fordelast på 2025 og 2026.

Opera Nordfjord fekk inn **kr 105 000** i sponsor- og annonseinntekter i 2024.

Tilskodartalet, og dermed billettinntektene til stiftinga, varierer frå år til år. For vårproduksjonen nådde vi godt over forventa billettsal, medan vi ikkje nådde publikumsmålet for Figaros Bryllup, sjølv om vi hadde rekna med at ein så kjend opera ville gi fulle hus. Det er ikkje lett å estimere billettinntekter basert på repertoarval, så vi må heile tida arbeide grundig og aktivt for å nå ut med god marknadsføring som gjer forestillingane våre attraktive utover den kunstnariske kvaliteten vi veit at vi allereie tilbyr.

Arbeidet for å sikre ein sunn økonomi vil framleis vere styret si viktigaste oppgåve.

Styret ønskjer ein solid eigenkapital som tryggar arbeidsplassane. Eigenkapitalen må òg vere stor nok til å tole at oppsettingar går med underskot, slik at berekraftig drift kan sameinast med trongen for kunstnarisk utvikling. Styret ønskjer at stiftinga framleis skal ha handlefridom til å kunne satse på produksjonar med avgrensa kommersielt potensial.

Resultatrekneskapen og balansen syner, slik styret ser det, den økonomiske stoda for stiftinga.

Styret meiner det framleis er grunnlag for drift av Opera Nordfjord under føresetnad av nøkterne disposisjonar og støtte frå offentleg og privat hald.

Styret gjer framlegg om at årets overskot på **kr 1 159 251,50** vert lagt til eigenkapitalen.

Styret

Styret for 2024 var slik samansett etter årsmøtet i april : **Randi Nyhammer-Taklo** (styreleiar) frå Eid, **Roy Aron Myklebust** (nestleiar) frå Stryn, **Sonja Edvardsen** (styremedlem) frå Eid, **Grete Berntzen** (styremedlem og skrivar) frå Bremanger og **Leidulf Gloppestad** (styremedlem) frå Gloppen.

Varamedlemmar: **Geir Solvåg** frå Selje og **Stein-Åke Berteig** frå Nordfjordeid, begge Stad kommune.

Arbeidsmiljøet er framleis godt og sjukefråveret er lågt. Drifta fører korkje til forureining eller utslepp som kan vere til skade for tilsette eller det ytre miljøet.

Nordfjordeid, den 11.02. 2025

Randi Nyhammer-Taklo
Styreleiar



Kari Standal Pavelich
operasjef, Opera Nordfjord

Signing Information

Page 1/1



Revisjonsmelding 2024 Stiftinga Opera Nordfjord.pdf

Name	Signed with	Signed at
Tveit, Asgeir	BANKID	2025-02-28 10:41:17



This document is electronically sealed and contains electronic signatures

VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefelleskap

Forretningsadresse: Førde, Sunnfjord Rådhus, Hafstadvegen 42, 6800 Førde
Postadresse: Postboks 487, 6803 Førde - Org.nr. 923 249 478 MVA
E-post: postmottak@vestrev.no

Bankkonto 3705 40 64838
Dagleg leiar **Asgeir Tveit**
Mobilnr. 908 74 388
E-post: asgeir.tveit@vestrev.no

Til
Stiftinga Opera Nordfjord

Dykkar ref.:

Vår ref.:
KRS/AT

Arkivkode:

Journalnr.:
013/2025

Dokumentdato:
28.02.2025

MELDING FRÅ REVISOR

Utsegn om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for stiftelsen som syner eit overskot på kr 1 159 252. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2024, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, notar til årsrekneskapen og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvise bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2024, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.
- Statstilskot på kr 5 725 000 er nytta i samsvar med dei formål, føresetnader og krav til økonomiforvaltning og kontroll som går fram av tilsegn i brev frå Det Kongelege Kulturdepartementet.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga og den ytterlegare informasjonen som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar den lovbestemte årsmeldinga og anna informasjon i klienten sin årsrapport. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller anna ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom

årsmeldinga , anna ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga eller anna ytterlegare informasjon tilsynelatande er vesentleg feil. Vi uttaler oss om årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon datert 17.02.2025 og har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeiding av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Føresetnaden om fortsatt drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift, god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, anten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidd av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av fortsatt drift-føresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg usikkerheit knyta til hendingar eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, krev det at vi i revisjonsmeldinga har merksemd på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom

slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer vår konklusjon om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller forhold kan likevel medføre at selskapet ikkje held fram drifta.

- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med styret, mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om forvaltinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

«Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, føremålet til stiftinga og vedtektene elles.

Nordfjordeid, 28.02.2025

Asgeir Tveit

Statsautorisert revisor

VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefellesskap



Styret si årsmelding for 2024

Føremål:

Stiftinga Opera Nordfjord (ON) har som føremål å skape eit levande og inkluderande operamiljø i Nordfjord og omliggjande distrikt ved mellom anna å produsere operaer, operetter, ballett og musikalar av høg kvalitet. Opera Nordfjord har kontoradresse Nordfjordeid. Styret har i 2024 drive ON i samsvar med føreseigner for private stiftingar. Styret hadde seks styremøte og handsama 67 saker i 2024. Årsmøtet vart halde 25. april.

Innleiing

Etter eit aktivt jubileumsår i 2023, vart 2024 eit år der vi måtte stramme inn aktivitetsnivået for å snu den økonomiske situasjonen i stiftinga, som hadde ført til store underskot både i 2022 og 2023. I 2024 har Opera Nordfjord gjennomført to store produksjonar, ein vår og ein haust, der fokus har vore å levere produksjonar med høg kunstnarisk kvalitet, og samtidig ha stadig kontroll over økonomien. Det er godt å kunne slå fast at 2024 vart eit godt år.

Festkonsertturné 14.-16. mars

I dagane 14.-16. mars arrangerte vi ein stor festkonsertturné med tre konsertar. Repertoaret var samansett av dirigent og musikalsk leiar Michael Pavelich, som på denne turnéen både feira 26 år med Opera Nordfjord og takka for seg og pensjonerte seg på sin eigen 70-årsdag. Sjeldan har vi hatt eit meir begeistra publikum på vårturnéen vår – det var rekord med 1464 publikummarar på tre konsertar.

Musikkteaterskule

Satsinga på born og unge har funne ei fin form gjennom musikkteaterskulen, som vi ønskjer å satse vidare på. I 2024 arrangerte vi musikkteaterskule både fire dagar i vinterferien og seks dagar i sommarferien. På begge kursa hadde vi med 6-7 instruktørar og 50-55 deltakarar. I tillegg er det no sett i gong eit spennande, nasjonalt samarbeid med andre distriktsoperaer med liknande tilbod for born og unge. I dagane 16. -18. august var det samling i Bjørvika for alle operaene i OperaNorge-nettverket som har faste aktivitetar eller opersaskular tilrettelagt for born og unge. Unge songarar frå Opera Trøndelag, Operaen i Kristiansund, Ringsakeroperaen, Den Norske Opera & Ballett og Opera Nordfjord var samla denne helga. Neste offisielle fellessamling vert i Nasjonaloperaen sommaren 2026.

Det er eit viktig prinsipp at skulen vår skal vere gratis for alle, og at det er eit lågterskeltilbod utan audition.

Figaros Bryllup.

Hauptproduksjonen var klassikaren *Figaros Bryllup*. Vi hadde til saman 3157 publikummarar på 8 forestillingar og full generalprøve.



Konsert til inntekt for TV-Aksjonen

Kvart år samlar vi solistar og musikarar frå hovudproduksjonen til ein konsert i Eid Kyrkje til inntekt for TV-Aksjonen. Alle medverkande stiller opp gratis, vi får leige kyrkja vederlagsfritt og har elles ingen utgifter, slik at alle gåvene som kjem inn, går uavkorta til TV-Aksjonen. Vi fekk inn **kr 18 970** frå **150 publikummarar** til *Barnekreftforeningen* i 2024.

I romjula arrangerte vi igjen, på 2. året, ein støttekonsert til inntekt for *Leger uten grenser*, denne gongen for deira arbeid i Ukraina. Vi fekk inn **kr 28 883** frå **150 publikummarar**. Dette er også ein konsert vi kan tenke oss å vidareføre kvar romjul, til inntekt for dei svakaste i verda.

Samarbeid med Eid vidaregåande skule

Sidan 2005 har Opera Nordfjord hatt eit fast og forpliktande samarbeid med yrkesfagklassene ved Eid vidaregåande skule. Dette samarbeidet har auka og blitt meir omfattande med åra og vert definert utifrå kva slags scenografi som skal produserast. På *Figaros Bryllup* hadde vi i tillegg med fem elevar som køyrde følgespot.

Arbeidsressursen frå skulen si side, både frå lærarar og elevar, er av stor verdi for Opera Nordfjord. Til gjengjeld får skulen samarbeide tett med dyktige, profesjonelle og ettertrakta scenografar, kostymedesignarar og maskørar, som i månadane frå skulestart til operapremiere i starten av oktober utgjer ganske mange arbeidstimar i veka. I 2024 var vi ekstra tidleg ute med planlegginga og fekk nytte både elev- og lærarressursar også våren-2024. Både lærarar og elevar lærer seg nye teknikkar frå år til år, noko som gir skulen auka kompetanse i lærarkollegiet på yrkesfag. Slik er operaen og skulen til gjensidig nytte og glede for kvarandre – og Opera Nordfjord sitt ynskje er at dette kan vere til inspirasjon til utdanning innan scenekunstheltet!

Skulen har ein omfattande og imponerende maskinpark, som tilreisande scenografar både er svært overraska over og nyttar godt i sitt arbeid. Kulissearbeidet vert fordelt mellom skulen og våre frivillige, lokale snikkarar i dugnadsgruppa gjennom felles produksjonsmøte med scenograf.

Utlån til skular og organisasjonar

Opera Nordfjord stiller kostyme, kulissar, rekvisittar og parykkar til fri disposisjon eller til veldig låg leige for fleire skular. Utanom Eid vgs og Eid Ungdomsskule er både Firda vgs (Gloppen), Volda vgs (Volda), Vanylven vgs, Fagerlia vgs (Ålesund), Fjordane Folkehøgskule, Sunnfjord Folkehøgskule og Dramalinja ved Høgskulen i Volda innom våre lager og verkstader i løpet av året og låner/leiger det dei treng til sine respektive sceneproduksjonar. I tillegg hjelper vi både barneskular, ungdomsskular og det frivillige organisasjonslivet i regionen ved behov.

Vi er glade for at dei statlege, fylkeskommunale og kommunale tilskota, som har vore nytta til å opparbeide Opera Nordfjord sitt innhaldsrike lager, direkte bidreg til at andre kan løfte sine forestillingar visuelt og kunstnarisk.

Dei tilsette

ON har 2,45 årsverk fordelt på tre kvinner i til saman 1,95 stillingar (operasjef i 100%, produsent i 70% og verkstadansvarleg i 25%) og ein mann i 0,5 stilling (kunstnarisk leiar). Kunstnarisk og musikalsk leiar Michael Pavelich gjekk av med pensjon i mars 2025, og det er



førebels ikkje tilsett ny kunstnarisk leiar. Pavelich held fram som kunstnarisk rådgjevar inntil vidare. Stiftinga kjøper tenester til marknadsføring, oppdatering av nettsider og sosiale medium gjennom Veir Media, Polaris Media og Mynewsdesk. Vi har òg eit tett marknadsføringssamarbeid med Operahuset Nordfjord.

Dugnadsapparatet

Noko av det aller viktigaste for Opera Nordfjord er å ha eit velfungerande dugnadsapparat som er motivert og inspirert til å delta i ein ny produksjon kvart år. Vi må ta vare på dei frivillige, sjå dei og setje pris på den innsatsen dei legg inn i operaen sitt virke, og vi må ta på alvor at mange etter kvart oppnår høg alder og treng avløyning av yngre krefter. Rekruttering av nye frivillige er difor ei pågåande, prioritert oppgåve, med eit mål om å få med fleire, også dei med framandspråkleg bakgrunn.

Operaens Venner

Sidan oppstarten i 1998 har Operaens Venner vore sentral i Opera Nordfjord sitt virke. Gjennom stort engasjement med loddsal, innkjøp av utstyr og anna frivillig arbeid har deira aktivitetar vore ein stor ressurs og tidvis også ei inntektskjelde for Opera Nordfjord. Leiaren i Operaens Venner er fast medlem i styret i Opera Nordfjord. Operaen Venner har eit samla ansvar for alt publikumsretta arbeid under forestillingane, inklusive vertskap i foajéen og drift av kafé/bar, der dei gjer ein stor og uvurderleg innsats. Kafédrifta åleine under operavekene genererer ca. kr 250.000 pr. år i inntekter.

Opera Norge

Opera Nordfjord er medlem i OperaNorge, ein interesseorganisasjon for ALLE som driv med operaproduksjon i Noreg. Fullverdige medlemmar er alle som *produserer fullsceniske produksjonar* – det vil seie Nasjonaloperaen, regionoperaene og distriktsoperaene - medan mindre operamiljø som arrangerer konsertar og mindre omfattande forestillingar kan vere assosierte medlemmar. Dette nettverket er av stor betydning for alle medlemmane og er ein viktig arena for meningsutveksling, rådgjeving og støtte i det viktige arbeidet med å gjere operakunsten tilgjengeleg for folk flest i landet vårt. OperaNorge har to medlemsmøte i året, og styret er ein aktiv påverkar inn mot det politiske miljøet for å få auka merksemd og auka økonomisk støtte til heile operafeltet i Noreg.

Mangfald og inkludering

I 2023 vart Opera Nordfjord sertifisert til Balansekunst sitt **Balansemerket**. Det forpliktar oss som organisasjon til å motarbeide hersketeknikkar, seksuell og anna trakassering og arbeide FOR inkludering og mangfald. Opera Nordfjord ønskjer å vere ein inkluderande arbeidsplass og oppdragsgjevar for alle, uavhengig av kor i organisasjonen ein høyrer heime. Vi er opptekne av at born og unge frå all slags bakgrunn skal finne ein trygg plass i Opera Nordfjord gjennom tilbodet om gratis Musikkteaterskule for alle, som etter kvart vert tilbydd både om sommaren og i vinterferien, for å skape ei meir kontinuerleg og konsentrert drift over fleire dagar fleire gongar i året. Skulen skal vere ein arena der alle kjenner seg inkludert, og der ein får nye venner på tvers av alderstrinn og kommunegrenser.

Arbeidet med språkpraksis for flyktingar held fram, først og fremst i kulisseyrbeid og kostyme- og påkledararbeid, men er eit tilgjengeleg tilbod for alle i alle typar arbeid i



organisasjonen. I 2024 hadde vi eit fint samarbeid med Friomsorgskontoret i Sogn og Fjordane om utplassering/soning av samfunnsstraff når dei har behov for det.

Sponsorsamarbeid

Opera Nordfjord har sidan oppstarten i 1998 hatt gode og trufaste samarbeidsavtalar i forskjellig storleik med lokale og regionale verksemdar. Sponsormarknaden i Nordfjord er avgrensa for kulturaktørar i regionen vår, med få tunge bidragsytarar. I 2023 inngjekk Opera Nordfjord ein ny 3-årig avtale med **Sparebanken Vest**, som betyr mykje for vår økonomi. Banken har bidrege sterkt gjennom 25 år, enten som hovudsponsor, eller gjennom tildeling av gåvemidlar. 2024 var eit magert år for oss med sponsormidlar totalt sett, så for 2025 er vi aktivt i gong med å utvide sponsormarknaden. Målet er å skaffe minst ein ekstra hovudsponsor og fleire sponsorar på dei mindre sponsorpakkane.

Operahuset Nordfjord

Operahuset Nordfjord er vår faste arena og vår «heim» når vi er i produksjon. Vi har eit særst godt samarbeid med administrasjonen i Operahuset Nordfjord, med god praktisk tilrettelegging og oppfølging når vi flyttar inn i huset. Dei tilbyr god service i alle ledd og har ein aktiv og utadretta kommunikasjon med billettkjøparane våre i førekant av forestillingane.

Økonomi

Rekneskapen for 2024 vart gjort opp med eit overskot på **kr 1 159 251,50**. Endeleg er vi på plussida og i gang med å bygge opp igjen eigenkapitalen etter to tunge år i 2022 og 2023. I 2024 hadde vi eit ekstra fokus på å stramme inn der vi kunne i budsjetteringa. Vi drog med oss eit underskot på nesten kr 500.000 frå 2023 som måtte dekkast inn med midlar i 2024, dvs. at for å gå i balanse, måtte vi ha eit overskot på ein halv million.

I 2024 fekk Opera Nordfjord **kr 5 725 000** i ordinær statleg støtte og **kr 210 000** i mangfaldsmidlar frå staten, **kr 1 840 179** frå Vestland fylke og **kr 613 64** frå Stad Kommune. Vi fekk **kr 200 000** i gåvemidlar frå Sparebanken Vest til *Figaros Bryllup* og nytt tilskot på **kr 300 000** frå Gjensidigestiftelsen på slutten av året øymerka gratis musikkteaterskule for born og unge som skal fordelast på 2025 og 2026.

Opera Nordfjord fekk inn **kr 105 000** i sponsor- og annonseinntekter i 2024.

Tilskodartalet, og dermed billettinntektene til stiftinga, varierer frå år til år. Det er ikkje lett å estimere billettinntekter basert på repertoarval, og styret er pådrivar for at det heile tida vert arbeidd grundig og aktivt for å nå ut med god marknadsføring som gjer forestillingane våre attraktive utover den kunstnariske kvaliteten vi veit at vi allereie tilbyr.

Arbeidet for å sikre ein sunn økonomi vil framleis vere styret si viktigaste oppgåve.

Styret ønskjer ein solid eigenkapital som tryggar arbeidsplassane. Eigenkapitalen må òg vere stor nok til å tole at oppsettingar går med underskot, slik at berekraftig drift kan sameinast med trongen for kunstnarisk utvikling. Styret ønskjer at stiftinga framleis skal ha handlefridom til å kunne satse på produksjonar med avgrensa kommersielt potensial.

Resultatrekneskapen og balansen syner, slik styret ser det, den økonomiske stoda for stiftinga.



Styret meiner det framleis er grunnlag for drift av Opera Nordfjord under føresetnad av nøkterne disposisjonar og støtte frå offentleg og privat hald.

Styret gjer framlegg om at årets overskot på **kr 1 159 251,50** vert lagt til eigenkapitalen.

Styret


Styret for 2024 var slik samansett etter årsmøtet i april : **Randi Nyhammer-Taklo** (styreleiar) frå Eid, **Roy Aron Myklebust** (nestleiar) frå Stryn, **Sonja Edvardsen** (styremedlem) frå Eid, **Grete Berntzen** (styremedlem og skrivar) frå Bremanger og **Leidulf Gloppestad** (styremedlem) frå Gloppen.

Varamedlemmar: **Geir Solvåg** frå Selje og **Stein-Åke Berteig** frå Nordfjordeid, begge Stad kommune.

Arbeidsmiljøet er framleis godt og sjukefråveret er lågt. Drifta fører korkje til forureining eller utslepp som kan vere til skade for tilsette eller det ytre miljøet.

Nordfjordeid, den 16.02. 2025


Randi Nyhammer-Taklo
Styreleiar


Kari Standal Pavelich
operasjef, Opera Nordfjord

Årsrapport 2024

Stiftinga Opera Nordfjord
Organisasjonsnr. 980 372 898

Innhold:

Årsberetning

Årsregnskap

Resultatregnskap

Balanse

Noter

Revisjonsberetning

Årsberetning 2024

Stiftinga Opera Nordfjord
Organisasjonsnr. 980 372 898

Virksomhetens art og hvor den drives

Stiftinga Opera Nordfjord har i 2024 skapt aktivitet iht formålsparagrafen §1 i vedtektene.

Formålet er å skape eit operamiljø i Nordfjord og omliggande distrikt, ved å setje opp operaer, operetter, musikalar og eventuelt ballettforestillingar, av høg kvalitet.

Foretaket har forretningsstad i Stad kommune, med kontoradresse på Nordfjordeid.

Resultatutvikling og finansiell stilling

Driftsinntektene var i 2024 kr 12 299 028 mot kr 12 455 963 forrige regnskapsår.

Grunnkapitalen er kr 100 000,- jfr Stiftelsesloven § 14, samt kr 160 000,- som er rest av oppstartskapital frå Stad kommune og Nordfjordrådet.

Styret mener at det framlagte årsregnskapet, med resultatregnskap, balanse og noter gir en rettvise framstilling av utvikling og resultat, samt stillingen ved årsskiftet. Det har ikke inntrådt forhold etter regnskapsårets utgang som er av betydning for bedømmelsen av årsregnskapet.

Fortsatt drift

Årsregnskapet er avlagt under forutsetning om fortsatt drift, og styret bekrefter at forutsetningen er til stede.

Arbeidsmiljø

Styret anser at arbeidsmiljøet i selskapet er tilfredsstillende, og har ikke iverksatt spesielle tiltak på dette området i regnskapsåret.

Likestilling

Selskapet legger vekt på at det skal råde full likestilling og at forskjellsbehandling ikke skal forekomme.

Selskapet sysselsetter ved utgangen av regnskapsåret 4 personer, herav 1 mann og 3 kvinner. Styret består av 5 personer, herav 2 menn og 3 kvinner.

Det ytre miljøet

Selskapets virksomhet forurensar ikke det ytre miljøet. Det er derfor ikke iverksatt spesielle tiltak på dette området i regnskapsåret.

Resultatdisponering

Overskuddet i Stiftinga Opera Nordfjord på kr 1 159 251,50 foreslås disponert som følger:


Resultatregnskap pr 31.12. Stiftinga Opera Nordfjord


	Note	Regnskap 2024	Regnskap 2023
Driftsinntekter			
Salgsinntekt		2 401 438	2 661 691
Annen driftsinntekt	1	9 897 590	9 794 272
Sum driftsinntekter		12 299 028	12 455 963
Driftskostnader			
Varekostnad		4 488 811	4 263 983
Lønnskostnad		2 420 791	2 963 808
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler			9 629
Annen driftskostnad		4 333 383	5 734 935
Sum driftskostnader		11 242 986	12 972 354
Driftsresultat		1 056 043	-516 391
Finansposter			
Annen renteinntekt		103 492	54 541
Annen finansinntekt			5 255
Annen rentekostnad		283	1 400
Netto finansposter		103 209	58 396
Resultat før skattekostnad		1 159 252	-457 995
Skattekostnad			
Årsresultat		1 159 252	-457 995
Overføringer og disponeringer			

Overført til/fra udekket tap	367 318,32
Overført til/fra annen egenkapital	791 933,18
Avsatt til annet utbytte/utdeling	


Sum	1 159 251,50
------------	---------------------


Nordfjordeid 17.02.2025
Styret for Stiftinga Opera Nordfjord


Randi Nyhammer Taklo
Styreleder


Grete Berntzen
Styremedlem

Sonja Edvardsen
Styremedlem


Leidulf Gloppestad
Styremedlem


Roy Aron Myklebust
Styremedlem


Sonja Edvardsen

Balanse pr 31.12. **Stiftinga Opera Nordfjord**


	Note	Regnskap 2024	Regnskap 2023
Anleggsmidler			
Sum anleggsmidler			
Omløpsmidler			
Kundefordringer		174 000	347 000
Andre fordringer		107 927	19 676
Sum fordringer		281 927	366 676
Bankinnskudd, kontanter og lignende	2	1 461 615	777 931
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		1 461 615	777 931
Sum omløpsmidler		1 743 542	1 144 607
Sum eiendeler		1 743 542	1 144 607

Balanse pr 31.12. **Stiftinga Opera Nordfjord**

	Note	Regnskap 2024	Regnskap 2023
Egenkapital			
Aksjekapital		260 000	260 000
Sum innskutt egenkapital		260 000	260 000
Annen egenkapital	3	791 933	-367 318
Udekket tap			
Sum opptjent egenkapital		791 933	-367 318
Sum egenkapital		1 051 933	-107 318
Gjeld			
Leverandørgjeld		69 796	241 927
Skyldige offentlige avgifter		141 930	282 052
Annen kortsiktig gjeld		479 882	727 947
Sum kortsiktig gjeld		691 609	1 251 926
Sum gjeld		691 609	1 251 926
Sum egenkapital og gjeld		1 743 542	1 144 607


Nordfjordeid 31.12.2024/17.02.2025

Stiftinga Opera Nordfjord




Randi Nyhammer Taklo

Styreleder




Sonja Edvardsen

Styremedlem




Grete Berntzen

Styremedlem



Leidulf Gloppestad

Styremedlem



Roy Aron Myklebust

Styremedlem

Noter 2024

Stiftinga Opera Nordfjord
Organisasjonsnr. 980 372 898

Note - Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er utarbeidet i samsvar med regnskapslovens alminnelige bestemmelser samt god regnskapsskikk for små foretak.

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfell til betaling innen eitt år etter balansedagen, samt poster som er knytt til varekretsløpet. Omløpsmidler er vurdert til laveste verdi av andskaffelseskost og virkelig verdi.

Salgsinntekter og kostnader

Inntektsføring ved salg av varer og tjenester skjer på leveringstidspunktet. Inntekter er vurdert til virkelig verdi av vederlaget. Kostnadsføring skjer i samme periode som tilhørende inntekt.

Selskapet er ikke mva-pliktig, og alle tall er brutto omsetning og kostnad.

Hovedregler for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som knytter seg til varekretsløpet. For andre poster enn kundefordringer omfattes poster som forfaller til betaling innen ett år etter transaksjonsdagen.

Anleggsmidler er eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Langsiktig gjeld er gjeld som forfaller senere enn ett år etter transaksjonsdagen.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost. Varige anleggsmidler avskrives etter en fornuftig avskrivningsplan. Anleggsmidlene nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være forbigående. Langsiktig gjeld med unntak av andre avsetninger balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringer

Langsiktige fordringer vurderes til anskaffelseskostnad med mindre virkelig verdi er lavere, og forventet tap ikke ansees å være av forbigående art.

Kundefordringer og andre kortsiktige fordringer vurderes til pålydende etter fradrag for forventet tap. Avsetning for tap gjøres basert på individuell vurdering av vesentlige kundefordringer. For øvrige kundefordringer gjøres det en uspesifisert avsetning for forventet tap. Andre kortsiktige fordringer vurderes individuelt.

Gjeld

Langsiktig og kortsiktig gjeld er vurdert til nominelt beløp på etableringstidspunktet fratrukket avdrag og nedbetaling.

Note 1 Offentlege midler

	2024	2023
Statstilskot KUD	5 725 000	5 735 000
Fylkestilskot	1 840 179	1 795 000
Kommunale tilskot	633 393	579 643
Covid-19 tilskot (KUD-Fylket)		
Mangfalds-midlar KUD	210 000	
Ekstraordinære midlar Fylket		
Tilskot uroppføring		300 000

Note 2 - Bankinnskudd

Bundne skattetrekksmidler	106 934
---------------------------	---------

Note 3 - Egenkapital

	Grunnkapital	Stiftingskapi tal	Opptjent egenkapital	Sum egenkapital
Egenkapital 31.12.2023	100 000	160 000	-367 318	-107 318
Prinsippendringer og korrigeringer				
Egenkapital 01.01.2024	100 000	160 000	-367 318	-107 318
Årsresultat			1 159 252	1 159 252
Andre endringer				
Egenkapital 31.12.2024	100 000	160 000	791 934	1 051 934